

Landslaget for lokal- og privatarkiv (LLP)

Likelydende brev til:

Norsk kulturråd
Postboks 8052 Dep
0031 Oslo

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Vår ref. KG 2012 016

Bergen 12.06.12

UTTALE I SAMBAND MED STØTTEORDNINGA TIL PRIVATARKIV

Norsk Kulturråd har løyvd kr 3,3 millionar kroner fordelt på 25 institusjonar frå støtteordninga for privatarkiv. Dette er svært positivt for dei institusjonane som har fått støtte, og som med dette får mulegheit til å kunne sikre, tilgjengeleggjere og digitalisere bevaringsverdig kulturarv og rettighetsdokumentasjon. Støtteordninga er positiv og har resultert i eit større fokus på privatarkiv.


Diverre er summen for låg til å kunne gje støtte til alle dei gode søknadene. Om arbeidet med sikring og tilgjengeleggjering av privatarkiv skal styrkast, må det løyvast meir midlar til dette arbeidet. Løyvingane er i sum uendra frå våren 2011. I november 2011 vart det løyvd 1,1 million i ekstra midlar til fem prosjekt som vurderte som «verdige», men som ikkje nådde opp i første omgang. Dette ser LLP som svært positivt, men det tydeleggjer også at løyvingane frå støtteordninga ikkje dekkjer dei behova som er knytte til dette viktige arbeidet. Utan tvil er det særsmange gode prosjekt som vert avviste grunna for få midlar. Ordninga er altfor begrensa til å kunne løfte arbeidet på landsplan.

LLP forventar at Kulturrådet tek ansvar for at løyvingane for inneverande år ikkje vert lågare enn i 2011, og at andre midlar også i år vert lagt inn i støtteordninga.

Som LLP tidlegare har understreka er det rimeleg å anta at det reelle behovet for arbeidet med bevaring av privatarkiv strekkjer seg til minst 15 millionar kroner.

LLP vil difor sterkt understreke viktigheita av at Kulturdepartementet legg til rette for ei rask stigning av midlar til støtteordninga.

Med venleg helsing


Karin Gjelsten
Styreleiar LLP

Landslaget for lokal- og privatarkiv

Sekretariat:
c/o Bergen byarkiv
Bergen kommune
Postboks 7700
5020 Bergen

Styreleiar:

Karin Gjelsten
Bergen byarkiv
55 56 61 84

E. post: postmottak@llp.no
www.llp.no
Organisasjonsnummer: 978 610 692

e-post: Karin.Gjelsten@bergen.kommune.no